



# Innst. S. nr. 134

(2005-2006)

## Innstilling til Stortinget fra familie- og kulturkomiteen

St.prp. nr. 5 (2005-2006)

**Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 854/2005/EF om skiping av eit fleir-årig fellesskapsprogram om fremjing av sikrare bruk av Internett og ny direktekopla teknologi (Sikrare Internett pluss)**

Til Stortinget

### SAMMENDRAG

Noreg har teke del i EU-handlingsplanen for sikrare bruk av Internett sidan 1999. Planen vart avslutta ved utgangen av 2004.

EU har vedteke å følgje opp den tidlegare handlingsplanen med ein ny handlingsplan, Sikrare Internett pluss. Norsk deltaking i programmet vil gjelde i tre år, 2006-2008, og inneber økonomiske pliktingar. Noreg sin EFTA-del på 95 pst. vil utgjere om lag 5,6 mill. kroner over tre år. Det vil verte tilsett ein nasjonal ekspert i samband med programmet. Dei årlege kostnadene vil kome i tillegg til programkostnadene.

Føremålet med programmet er å fremje sikrare bruk av Internett og nye former for direktekopla teknologi, spesielt for barn, og å motkjempe ulovleg og skadeleg innhald og innhald som er uønskt av forbrukaren.

Det nye programmet er langt på veg ei vidareføring av den tidlegare handlingsplanen. Nytt i dette programmet er m.a. at det omfattar uønskt innhald, medrekna såkalla spam, at det gjeld nye problemområde, nyare teknologi og nye bruksmåtar, og dessutan at det i større grad vert fokusert på sluttbrukaren. Bakgrunnen for delar av utvidinga er den snøgge teknologiutviklinga, som m.a. gjer det mogleg å sende biletmeldingar på mobiltelefonar, og som inneber at stadig fleire er kontinuerleg tilkopla, med dei utfordringane for tryggleiken som dette inneber. Dessutan er det lagt større vekt på overordna koordinering av tiltaka.

Kampen mot ulovleg, skadeleg og uønskt innhald i globale system som Internett kan best først gjennom internasjonalt samarbeid. Dermed kan dei nasjonale tiltaka og gjennomførast meir effektivt, ved koordinering med tiltak utanfor landegrensene. Utviklinga av, den auka utbreiinga og bruken av ny teknologi, spesielt blant barn, gjer det viktig å halde fram og utvikle det arbeidet som tidlegare er gjort på området.

Under handlingsplanen for sikrare bruk av Internett, som var forløparen til det programmet som ligg føre, vart Noreg lagt merke til internasjonalt gjennom det EU-støtta SAFT-prosjektet, som vart leidd av Statens filmtilsyn. Prosjektet hadde gode resultat.

### KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Gunn Karin Gjøl, Britt Hildeng, Espen Johnsen og Tove Karoline Knutsen, fra Fremskrittspartiet, Ulf Erik Knudsen og Karin S. Woldseth, fra Høyre, Olemic Thommessen, fra Sosialistisk Venstreparti, May Hansen, fra Kristelig Folkeparti, lederen May-Helen Molvær Grimstad, fra Senterpartiet, Erling Sande, og fra Venstre, Trine Skei Grande, viser til at kampen mot ulovlig, skadelig og uønsket innhold i globale systemer som Internett, best kan føres gjennom internasjonalt samarbeid. Komiteen støtter på denne bakgrunn Regjeringens fremlegg og viser for øvrig til utenriksministerens brev til Stortinget av 28. februar 2006 (vedlagt).

### UTENRIKSKOMITEENS MERKNADER

Utkast til innstilling har blitt forelagt utenrikskomiteen, som i brev av 26. april 2006 opplyser at komiteen ikke har merknader til innstillingen.

**KOMITEENS TILRÅDING**

Komiteen viser til sine merknader og til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

Stortinget gjev samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 17/2006 om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 854/2005/EF om skiping av eit fleirårig fellesskapsprogram om fremjing av sikrere bruk av Internett og ny direktekopla teknologi (Sikrere Internett pluss).

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 27. april 2006

**May-Helen Molvær Grimstad**  
leder

**Gunn Karin Gjul**  
ordfører

## Vedlegg

### **Brev fra Utenriksdepartementet v/utenriksministeren til Stortinget, datert 28. februar 2006**

#### **Tilleggsinformasjon til St.prp. nr. 5 (2005-2006) om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 854/2005/EF om skaping av eit fleirårig fellesskapsprogram om fremjing av sikrare bruk av Internett og ny direktekopla teknologi (Sikrare Internett pluss)**

I forbindelse med Familie- og kulturkomiteens kommende behandling av St.prp. nr. 5 (2005-2006) vil jeg få opplyse følgende:

Europakommisjonen meddelte EFTA/EØS-statene i desember 2005 at det flerårige programmet Sikrere Internett pluss (2005-2008) ikke kunne bli innlemmet i EØS-avtalen i 2005, men først i 2006, som følge av at hjemmelsgrunnlaget i EU formelt ikke kunne bli klart før i 2006. Deltakelsen for EØS/EFTA-statene vil nå gjelde for tre år, 2006-2008, og ikke fire år, 2005-2008, som meddelt i St.prp. nr. 5 (2005-2006). Forsinkelsen innebærer at allerede innbetalt kontingent for deltaking i 2005 vil bli refundert fra EU til EØS/EFTA-statene i 2007, etter vanlige tilbakebetalingsprosedyrer mellom EØS/EFTA-statene og EU.

I St.prp. nr. 5 (2005-2006) Kapittel 5 Administrative og økonomiske konsekvenser opplyses det i annet avsnitt at Norges andel over fire år vil utgjøre ca. 7,4 millioner kroner. Som følge av at EØS/EFTA-statene nå skal delta kun i tre år, er Norges andel redusert og vil utgjøre 5,6 millioner kroner.

For øvrig er satsen for beregning av EFTAs kontingent for deltaking i programmer for 2005 nå på 2,06 prosent, ikke 2,11 prosent som angitt i første avsnitt i

Kapittel 5 Administrative og økonomiske konsekvenser. Dersom denne satsen ikke endrer seg, vil EØS/EFTA-statene måtte dekke om lag 720 000 euro over de tre år Norge deltar i programmet. Med en eurokurs på 8,2 kroner vil dette for EØS/EFTA-statene utgjøre om lag 5,9 millioner kroner over tre år. Norges EFTA-andel, som er 95 prosent, vil da utgjøre om lag 5,6 millioner kroner av dette, eller om lag 1,6 millioner kroner for 2006 og 2 millioner kroner årlig for 2007 og 2008.

I St.prp. nr. 5 (2005-2006) er det lagt opp til Stortingets forhåndssamtykke til deltaking i EØS-komiteens beslutning. Det ble lagt opp til forhåndssamtykke for at beslutningen skulle kunne tre i kraft umiddelbart etter at EØS-komiteen hadde tatt beslutningen i 2005 (jf. Kapittel 3 Konstitusjonelle tilhøve i St.prp. nr. 5). Som følge av at Europakommisjonen ultimo 2005 meddelte EØS/EFTA-statene at programmet ikke ville kunne innlemmes i EØS-avtalen før i 2006, er behovet for forhåndssamtykke falt bort. Programmet ble innlemmet i EØS-avtalen ved EØS-komiteens beslutning nr. 17/2006 av 27. januar 2006. Beslutningen ble for Norges vedkommende tatt med forbehold om Stortingets samtykke.

Forslag til vedtak vil derfor bli som følger:

"Forslag til vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 17/2006 om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 854/2005/EF om skiping av eit fleirårig fellesskapsprogram om fremjing av sikrare bruk av Internett og ny direktekopla teknologi (Sikrare Internett pluss)."

